**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.01.2017**

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1 Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at pilotprosjekt Karriere Sunnhordland går over i ordinær drift frå 01.01.2017 og at dei to midlertidige stillingane blir gjort om til faste stillingar.

2 Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei politisk sak som vurderer korleis fylkeskommunen kan vidareutvikle det fylkeskommunale karriererettleiingstilbodet. Saka skal gjere greie for organisering og finansiering.